



Bergen kommune
Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Askøy kommune

Dato: 04.02.2016
Vår ref.: 2014/1015-17
Saksbehandlar: bjomidt

Bompengefinansiering av Rv555 Sotrasambandet - høyring av prinsippnotat

I Nasjonal transportplan 2014-2023 er det lagt opp til at Rv555 Sotrasambandet skal delfinansierast gjennom bompengeinnkreving.

I eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, kommunane Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy og Statens vegvesen Region Vest, er det arbeid med å utgreie aktuelle prinsipp for slik bompengeinnkreving for Rv555 Sotrasambandet.

For dette samarbeidet vart det i 2014 oppretta eit politisk kontaktutval med fylkesordfører (leiar), ordførarar/byråd i dei omtalte kommunane, samt avdelingsdirektør Vegavdeling Hordaland, Statens vegvesen. For det faglege arbeidet vart det oppretta ei prosjektgruppe med representantar frå fylkeskommunen, kommunane og Statens vegvesen.

Det vedlagte notatet for prinsipp for delvis bompengefinansiering av Rv555 Sotrasambandet, datert 20.januar 2016, er lagt fram for det politiske kontaktutvalet for bompengefinansiering av Sotrasambandet. Dette er ei fagleg utgreiing og tilråding, som no vert oversendt kommunane for politisk handsaming. Prinsippnotatet vil også bli lagt fram som sak for fylkespolitiske organ.

Med grunnlag i politiske høyringsvedtak til det utsendte prinsippnotatet vil det bli sett i gang arbeid med utforming av endeleg bompengesøknad. Framdrift og vidare arbeid med ein slik søknad vil også vere avhengig av endeleg vedteken reguleringsplan, samt nærmare avklaringar av det statlege finansieringsbidraget til Rv555 Sotrasambandet.

Når kommunale høyringsvedtak ligg føre ber eg om at desse vert oversendt til Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga. Kontaktperson i fylkesadministrasjonen for eventuelle spørsmål til prinsippnotatet er Bjørn Inge Midtgård (bjorn.inge.midtgard@hfk.no)

Med helsing

Anne-Gine Hestetun
fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest

Vedlegg

1 Prinsipp for delvis bompengefinansiering av RV555 Sotrasambandet, datert 3.2.2016